

## Innspel til nasjonal ramme for vindkraft på land

NVE har fått i oppdrag av OED å identifisera dei mest eigna områda for vindkraft i Noreg, med utgangspunkt i vindressursar og nettkapasitet, vekta mot andre viktige miljø- og samfunnsomsyn.

Av dei 43 analyseområda som er plukka ut, går **nr. 17 og 18** inn i Voss kommune. Som lokalt naturvernlag har me innspel som underbyggjer at dei to områda i kommunen ikkje er eigna for vindkraft.

Kommunen er del av to landskapsvernområde, og det eine er på UNESCO si verdsarvliste. Desse har stor betydning for reiselivet, som er den største næringa i regionen. Verdien av reiselivet for kommune og lokalt næringsliv kan ikkje overvurderast. Inntektspotensialet ved å kunna tilby inngrepsfri natur vil berre auka slik verda utviklar seg. Det burde vera sjølvstøtt at landskapsvernområdet i Stølsheimen er uaktuelt for utbygging. Men det er viktig at opplevinga av landskapet i begge verneområda ikkje vert øydelagd av synlege tekniske inngrep i tilgrensande område.

Vossefjella er populære utfarts- og rekreasjonsområde for Noregs nest største by. Også kommunen sine eigne innbyggjarar er ivrige brukarar av fjellheimen året rundt. Det er ein del av identiteten vår. Dette er å rekna som vår «Nordmarka», og alt som kan svekka gleda og entusiasmen for friluftslivet er dårleg folkehelse. Vindkraftanlegg innskrenkar områda som er eigna til bruk som tur- og utfartsområde. Lyd, iskast, mangel på fred og øydelagd landskapsoppleving - alt dette svekker fjellområda som arena for livsutfalding og fritidsaktivitetar.

Naturlegvis vil dyre- og fuglelivet verta råka ved ei utbygging. Spesielt bør den sårbare villreinstamma i området nemnast. Den har tidlegare fått innskrenka leveområda til eit minimum pga. andre naturinngrep.

Regionen bidrar alt i dag med stor krafteksport og har ofra store naturområde i form av regulerte vatn og elvar, landskapsendringar og kraftlinjer. Belastninga på den særskilte naturen er allereie stor. Det som finnest att av villmark og urørt natur i denne delen av Vestlandet, må komande generasjonar òg få oppleve.

I tillegg til tradisjonelt friluftsliv og nasjonal og internasjonal turisme, vert Voss sett på som eit eldorado for ekstremisport. Slik bruk av naturen, spesielt luftsporten, vil lida ved utbygging av vindkraft. Dei naturgitte tilhøva for ekstremisport her, skapar ei merkevare som tiltrekkjer seg folk frå heile verda.

Dei generelle negative verknadane av vindturbinar, anleggsvegar og kraftlinjer er kjende, og er dei same uansett stad. Men topografien i vossefjella er krevande for framføring av vegar, og vil krevja store og skjemmaende inngrep. Eventuelle argument om at vegane vil gjera fjellområda meir tilgjengelege, held ikkje mål. Kommunen har rikeleg med tilrettelagde naturområde for alle grupper i samfunnet, medan villmark er mangelvare.

Det er kanskje ikkje eit tema her, men i eit klimaperspektiv må tap av skog, myr og jordsmonn med evne til å ta opp CO<sub>2</sub> reknast inn i vurderinga. Det same gjeld alle tilhøve ved produksjon og transport av master, turbinar og anna utstyr. Viss det er klima som er det store argumentet for å bandleggja norsk natur med vindkraft, så skal også dette vera relevant.

I eit samfunnsperspektiv vil Voss tapa mykje som turistkommune og som bustadkommune.

Sjølv om NVE har fått i oppdrag å utgreia aktuelle område for vindkraft, så er det viktig for oss å få fram at me ser det som meir berekraftig å auka kraftproduksjonen ved modernisering av eksisterande vasskraftanlegg. Tap av energi ved transport over lange avstandar tilseier at energien burde produserast nærare dei marknadane som skal bruka straumen. Og naturlegvis vil vindmøller til havs vera mykje mindre konfliktfylt enn vindmølleparkar der folk skal leva. Og det leiar oss til konklusjonen:

Det er ein stor folkeleg og politisk motstand mot vindkraftutbygging i kommunen. Det bør ein ta på alvor.

Voss, 20.10.2018

For Voss naturvernlag  
Inge Draugsvoll